

Tabell B-fk

Overgangsordninga

I 2022 er overgangsordninga sett saman av overgangsordninga for nytt inntektssystem frå 2020, og ei overgangsordning knytt til tre nye saker i 2022. Overgangsordninga for nytt inntektssystem frå 2020 sikrar at fordelingsverknadene blir fasa gradvis inn over fire år, medan overgangsordninga for nye saker i 2022 sikrar at fordelingsverknader av den nye båt- og ferjenøkkelen, innlemminga av midlar til vegadministrasjon og den nye modellen for å beregne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg blir fasa gradvis inn over to år.

Overgangsordninga for nytt inntektssystem frå 2020 er innretta slik at fylkeskommunar som får ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av endringane i inntektssystemet i 2020, får att 1/4 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2022. Ordninga blir finansiert gjennom eit tilsvarende trekk for fylkeskommunane som får auka rammetilskot som følgje av det nye systemet.

Overgangsordninga for nye saker i 2022 er innretta slik at fylkeskommunar som samla sett får ein reduksjon i rammetilskotet som følgje av ny båt- og ferjenøkkel, innlemming av midlar til vegadministrasjon og ny modell for å beregne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesveg, får att 1/2 av reduksjonen gjennom overgangsordninga i 2022, medan fylkeskommunane som får auka rammetilskot som følgje av endringane får eit tilsvarende trekk.

Frå 2023 vil nytt inntektssystem frå 2020 få full effekt. Fordelingsverknaden av dei tre nye sakene i overgangsordninga i 2022 vil òg vere fasa inn i 2023.

Kolonne 1 – Samla fordelingsverknader av nytt inntektssystem 2020 inkl. kompensasjon (1 000 kr)

Kolonne 1 viser dei samla fordelingsverknadene av endringane i inntektssystemet som tredde i kraft i 2020, inkludert den ny fordelinga av kompensasjonen for endringar i inntektssystemet, i 2020-kroner. Fordelingsverknaden er berekna ved først å rekne ut rammetilskotet med det førre inntektssystemet på fylkesinndelinga i 2019 (inkludert grensejusteringar som tredde i kraft 1. januar 2020). Rammetilskotet etter det førre systemet er så summert opp til den nye fylkesinndelinga og samanlikna med tilskotet berekna etter det nye systemet for dei nye fylkeskommunane. Sjå Grønt hefte 2020 for ei nærmere forklaring.

Kolonne 2 – Samla fordelingsverknader av nytt inntektssystem 2020 inkl. kompensasjon (kr per innbyggjar)

Kolonne 2 viser dei samla fordelingsverknadene frå kolonne 1 i kroner per innbyggjar, i 2020-kroner.

Kolonne 3 – Overgangsordning 2022, gradvis innfasing av nytt inntektssystem 2020 (1 000 kr)

Kolonne 3 viser overgangsordninga for gradvis innfasing av nytt inntektssystem frå 2020 i 2022. Beløpet er 1/4 av dei samla fordelingsverknadene i kol. 1, med motsett forteikn, prisjustert til 2022-kroner.

Kolonne 4 – Fordelingsverknad av ny båt- og ferjenøkkel (1 000 kr)

Frå og med 2022 blir ny delkostnadsnøkkel for båt og ferje teken i bruk, sjå Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* for ei nærmere forklaring. Kolonne 4 viser fordelingsverknaden ved ny delkostnadsnøkkel for båt og ferje. Fordelingsverknaden er berekna ved først å rekne ut fordelinga basert på delkostnadsnøkkelen for båt og ferje som gjaldt til og med 2021. Fordelinga er så samanlikna med fordelinga berekna etter den nye delkostnadsnøkkelen.

Avvik frå overslag på fordelingsverknad vist i Prop. 192 S (2020–2021)

Kommuneproposisjonen 2022 kan i hovudsak forklarast med oppdaterte kriteriedata.

Kolonne 5 – Fordelingsverknad av innlemming av midlar til vegadministrasjon (1 000 kr)

Frå og med 2022 går midlar til vegadministrasjon over frå ei særskilt fordeling (tabell C) til fordeling etter ordinære kriterium, dvs. den delen av delkostnadsnøkkelen for fylkesveg som blir fordelt etter kriteriet "vedlikehaldsbehov fylkesveg", sjå Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* for ei nærmere forklaring. Kolonne 5 viser fordelingsverknaden av innlemminga av midlar til vegadministrasjon.

Fordelingsverknaden er berekna som differansen mellom fordelinga berekna etter vedlikehaldsbehov fylkesveg og den særskilde fordelinga frå tabell C i 2021 i 2022-kroner.

Kolonne 6 – Fordelingsverknad av ny modell for berekning av vedlikehaldsbehov (1 000 kr)

Frå og med 2022 blir det teke i bruk ein ny modell for å berekne kriteriet vedlikehaldsbehov fylkesvei i delkostnadsnøkkelen for fylkesveg, sjå Prop. 192 S (2020–2021) *Kommuneproposisjonen 2022* for ei nærmere forklaring. Kolonne 6 viser fordelingsverknaden ved bruk av den nye modellen. Fordelingsverknaden er berekna ved først å rekne ut fordelinga etter oppdaterte MOTIV-tal frå Statens vegvesen, som ble brukt for berekning av vedlikehaldsbehov tidligare. Fordelinga er så samanlikna med fordelinga berekna etter den nye modellen.

Kolonne 7 – Fordelingsverknad av nye saker i overgangsordninga (1 000 kr)

Kolonne 7 viser samla fordelingsverknad av ny delkostnadsnøkkel for båt og ferje, innlemming av midlar til vegadministrasjon og ny modell for berekning av vedlikehaldsbehov, dvs. summen av kolonne 4–6.

Kolonne 8 – Fordelingsverknad av nye saker i overgangsordninga (kr per innbyggjar)

Kolonne 8 viser samla fordelingsverknadr av dei nye sakene frå kolonne 7 i kroner per innbyggjar.

Kolonne 9 – Overgangsordninga 2022, gradvis innfasing av nye saker 2022 (1 000 kr)

Kolonne 11 viser overgangsordninga for dei nye sakene i 2022, som skal fasast inn over to år. Beløpet er 1/2 av dei samla fordelingsverknadene i kol. 7, med motsett forteikn.

Kolonne 10 – Samla overgangsordning 2022 (1 000 kr)

Kolonne 10 viser samla overgangsordning 2022, som er summen av kolonne 3 og 9. Beløpet blir også brukt i tabell 2-fk.